



Laurdag skal elghundutstilling nummer 5 haldast på grusbana og Anita Lie kan melda om påmelding av 42 hundar. Det er ho svært godt fornøgd med.

I fjor var det 43, og då var det 9 grå. Men i år kjem det berre eit fåtal grå.

I fjor hadde telemarkingane stor suksess med best in show både for svarte og grå og så er spørsmålet om austlendingar eller vestlendingar tek kaka denne gongen.

I fjor var svarthundane av best kvalitet, faktisk så gode at dommar, tryslingen Nils-Erik Haagenrud

meinte dei var av dei beste i landet.

På biletet står telemarkingane Signe Mosebø og Ann Kristin Øien med dei to beste hundane i fjor.

Foto: Ola Matti Mathisen